



Reglar for tildeling av tomt

Desse reglane gjelder for tildeling av bustad- og / eller næringstomt i felt som er opparbeidd av Norddal kommune.

1. Desse reglane gjeld for tildeling av bustad- og næringstomter i felt som er opparbeidd av Norddal kommune, og vert forvalta av rådmann eller den som rådmann gjev fullmakt. Alle som melder interesse for å kjøpe tomter i kommunen, skal gjerast kjende med reglane.
2. Før eit kommunalt felt til bustad eller næring vert annonsert til sals skal formannskapet fastsette tomteprisar og avgjere om det er trong for å reservere tomter - og eventuelt kva tomter – som skal vere til spesielle føremål. I kvart kommunalt bustadfelt kan eit visst tal tomter reserverast etablerarar under 30 år, og funksjonshemma som ved legeerklæring kan dokumentere særskilde behov. Tomter i nye felt som vert halde av til særskilde søkjargrupper kan leggest ut på fritt grunnlag etter 2 år frå 1. gongs utlysing.
3. Ledige tomter vert annonsert til sals og lagt ut på kommunen si internettside snarast, og seinast innan ein månad etter at opparbeiding av feltet er starta. Søknadsfristen vert sett til 3 veker.
4. Søklarane må vere over 18 år. Firma kan i utgangspunktet ikkje få kjøpe kommunale bustadtomter. Det må i tilfelle skje etter særskilt søknad til formannskapet.
5. For tomter tildelt etablerarar under 30 år og funksjonshemma, vert det innvilga ein prisreduksjon på 25 % av ordinær kjøpesum. Prisreduksjonen må tilbakebetalast til kommunen dersom eigedommen vert vidareseid innan 5 år etter at den vart erverva, rekna frå dato for underskriving av skøyte.
6. Tomtesøklarane sender skriftleg søknad om tomt til Norddal kommune. Tomtene vert fordelte ved loddtrekning om det er fleire søkarar på same tomte. Når første tildelingsrunde er avslutta, vert dei resterande tomtene tildelte og selde etter kvart som søknadene kjem inn til Servicetorget, slik at den som først søker på ei tomt, får tilslaget. Tidspunktet då søknaden kjem til Servicetorget, skal reknast som søknadstidspunkt.

7. Når det vert sendt ut melding om tildeling av tomter skal det takast inn opplysningar om, eller visast til kommunen sine generelle reglar for tildeling av tomter, betalingsvilkår mv. samt eventuelle særreglar som er fastsett for det enkelte byggefelt.
8. Dersom ikkje anna er spesielt fastsett, skal betalingsfristen vere ein månad etter tildeling er medelt, og faktura og kontrakt er sendt kjøparen. Kjøparen skal også betale alle omkostningar knytt til overdraginga av eigedomen.
9. Ved sal av kommunale tomter skal kjøpesummen vere betalt før skøyte vert overlevert kjøparen, og kjøparen får tiltre eigendomen.
10. I tilfelle dei fastsette betalingsfristane ikkje vert overhaldne skal tomta tildelast ein anna søker, ev lysast ut for ny tildeling.
11. Er byggearbeid (tømmermannsarbeid) ikkje sett i gong innan to år etter at tomta er kjøpt (datert skøyte) skal tomta tilbakeførast til kommunen. Utgifter ved avlysing / tilbakeføring av tomt til kommunen vert dekt av tidlegare eigar (tinglysning, dokumentavgift ol.).
12. Er det behov for forlenga byggefrist utover to år, kan ein sende ein særskilt søknad til formannskapet i god tid før fristen går ut. Formannskapet kan gje inntil eitt års utsetting.
13. Dersom kjøpar ønskjer å selje tomta før det er oppført våningshus/næringsbygg på den, skal tomta tilbakeførast til kommunen. Kommunen skal i så fall betale det tomta vart seld for samt eventuell godtgjering for arbeidet som er utført etter avtale, eller eventuelt etter innhenta takst. Formannskapet kan i spesielle tilfelle samtykke i at utlagde rentebeløp vert refundert ved tilbakelevering av tomt. Utgifter ved avlysing / tilbakeføring av tomt til kommunen vert dekt av tidlegare eigar (tinglysningsomkostningar, dokumentavgift ol.).
14. Bustadomtene i dei kommunale bustadfeltene i Norddal kommune vert omsett til ein sterkt subsidiert pris, og er eit bustadpolitisk verkemiddel for å styrke fast busetnad i kommunen. Tomtekjøparar som ikkje er innbyggjarar i Norddal kommune, må difor melde flytting til Norddal kommune seinast når bustaden er innflyttingsklar.
15. Rådmannen kan fråvike reglementet dersom det ligg føre særlege grunnar for det.

Skrifteleg søknad og / eller spørsmål vedrørande tomtene sendast til:
Norddal kommune, Servicetorget, p.b. 144, 6211 Valldal eller
post@norddal.kommune.no

Vedteke i Norddal kommunestyre den 10.04.2014, i sak 26/14.